



Samnanger kommune,  
Tyssevegen 217,  
5650 TYSSE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Samnanger kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Samnanger kommunestyre har i møtet 2. desember 2021, sak 126/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 - 2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

Kommunen kjem til å få eit høgt gjeldsnivå som følgje av planlagde investeringar i økonomiplanperioden, i hovudsak som følgje av investering i fleir brukshall. Kommunen må tilpasse seg til å handtere ei høg gjeld over tid og likevel ha driftsbalanse.

### Budsjett 2022

I rekneskapen for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 13,0 mill. Det utgjer 4,8 prosent av driftsinntektene i 2021. Det positive resultatet skuldast i hovudsak høg inntekt frå konsesjonskraft som følgje av høge kraftprisar. Dessutan har høg skattevekst bidrige positiv. Netto driftsoverskot er i hovudsak sett av til å styrke disposisjonsfondet.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 1,2 mill. Det utgjer 0,5 prosent av driftsinntektene. Basert på førebels prognose i år, kan netto driftsoverskot bli betre enn budsjettert.

Kommunen har budsjettert med kr 70,5 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 168,8 mill.



Inntektsprognosene fra KS for 2022 er oppdatert etter revidert nasjonalbudsjett og kommune-proposisjonen. Pårekna auka inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i samanheng med pårekna auka pris- og kostnadsvekst for kommunane i år.

Det er budsjettert med kr 15,7 mill. i egedomsskatt for 2022. Innkomen egedomsskatt i 2021 var om lag kr 15,3 mill. Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige egedomane er sett til 7 promille. Skattesatsen for bustader og fritidseigedomar er sett til 2,8 promille.

Det er innarbeidd inntekter frå Havbruksfondet med kr 0,8 mill. årleg. For dei åra det er utbetaling frå auksjonar, det vil seie i 2022 og 2024 i planen, er det eit pårekna tillegg på kr 0,7 mill.

Det er lagt til grunn ei netto inntekt frå sal av konsesjonskraft med kr 7 mill. for 2022. For dei neste åra i planen er denne inntekta redusert til kr 4,5 mill. årleg.

Det er budsjettert med kr 9,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet.

I 2022 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 29 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i VA-sektoren kr 10 ½ mill. Dei største investeringane elles er i omsorgsbustader og fleirbrukshall. Sistnemnde investering er planlagt å gå over perioden 2022 - 2024. Dei faktiske investeringane i år kan bli vesentleg lågare enn budsjettert som følgje av etterslep i gjennomføringa.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med låneopptak. Ein mindre del av investeringane er planlagt finansierte med momskompensasjon. Det er lagt til grunn ei nedbetalingstid på 40 år på låneopptaka til investeringar.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 255,2 mill., medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 94,4 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 102.000,- per innbyggjar. Lånegjelda ved utgangen av 2021 er redusert frå 2020 som følgje av etterslep i gjennomføring av investeringar. Dette inneber ei utsetjing av låneopptak slik at lån blir teke opp etter 2021 og lånegjelda vil gå opp igjen.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 20,5 mill. ved utgangen av 2021. Det utgjer 7,6 prosent av driftsinntektene i 2021.

## Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er i økonomiplanen lagt opp til netto driftsoverskot i 2022 og 2025 på 0,5 prosent av driftsinntektene. I 2023 og 2024 er det lagt opp til større netto driftsoverskot, på 2,6 og 2,7 prosent av driftsinntektene. Føresetnadene for netto driftsresultat i vedteken økonomiplan har endra seg, blant anna som følgje av endring i kraftprisane.



Det er planlagt store investeringar i økonomiplanperioden. Det er særleg investeringa i fleirbruksshall som blir av eit stort omfang. Dessutan er det planlagt investering i kommunehus og brannstasjon.

Dei samla planlagde investeringane i økonomiplanperioden vil i hovudsak bli finansiert med låneopptak. Det er berre ein mindre del av investeringane i denne perioden som vil vere i VA-sektoren og som vil gi auka inntekter gjennom gebyr. Investeringane inneber at kommunen si lånegjeld kan pårekna å auke opp mot kr 100 mill.

I økonomiplanen er det lagt til grunn at lånegjelda kjem til å bli gradvis redusert i åra etter at investeringa i fleirbruksshall er gjennomført. Kommunen sitt gjeldsnivå kjem likevel til å vere på eit høgt nivå i mange år framover etter at dei planlagde investeringane i økonomiplanen er gjennomførde.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har i tidlegare budsjett og økonomiplan for 2020 - 2023 vedteke finansielle måltal. Desse måltala er ikkje lenger relevante for kommunen si noverande økonomiske stilling og pårekna utvikling.

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Kommunen kjem til å få eit høgt gjeldsnivå som følgje av planlagde investeringar i økonomiplanperioden, i hovudsak som følgje av investering i fleirbruksshall. Kommunen må tilpasse seg til å handtere ei høg gjeld over tid og likevel ha driftsbalanse.

For å handtere dei økonomiske utfordingane rår vi kommunen til:

1. Betale årlege ordinære avdrag med minst 4,0 prosent av kommunen si lånegjeld til kommunale investeringar. Denne avdragsprofilen vil bidra til at lånegjelda blir gradvis redusert etter at investeringa i fleirbrukshallen er gjennomført. Nye lån bør bli nedbetalt som serielån med avdragstid på 25 år.
2. Disposisjonsfondet vart opparbeidd til om lag kr 20,5 mill. ved utgangen av 2021, eller 7,6 prosent av driftsinntektene i 2021. Kommunen vil med den høge pårekna lånegjelda bli særleg økonomisk sårbar for eit høgare rentenivå eller t.d. ein svikt i inntektene. Den høge pårekna lånegjelda gjer det særleg viktig å opparbeide disposisjonsfondet til eit høgare nivå for å ha tilstrekkeleg stor driftsreserve.

Kommunen sitt disposisjonsfond bør difor gradvis bli bygd opp til om lag kr 38 - 40 mill. i tida fram til investeringa i fleirbrukshallen er gjennomført. Disposisjonsfondet bør bli bygd opp parallelt med auken i lånegjelda. Det bør vere ei målsetjing at disposisjonsfondet er 13 - 15 prosent av årlege driftsinntekter over tid. Disposisjonsfondet må bli bygd opp med midlar frå netto driftsoverskot.



Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde  
fung. kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*